

NVE

Innsendt dato: 17.04.2024

Referansenummer: GNSWLZ

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside	
Fortsett med høringsuttalelsen	Ja

Personopplysninger	
Fornavn	TOM GEIR
Mellomnavn	Ikke angitt
Etternavn	FARSUND
Er søker et selskap under stiftelse?	Ikke angitt

Saksopplysninger	
NVEs saksnr.:	202205918
Sakstittel	Selselva kraftverk - økt slukeevne og regulering av Selsvatnet

Høringsuttalelse	
Høringsuttalelse	Underteikna var dagleg leiar i Reisemål Sunnfjord as, i ca 15 år, fram til ca 2011. Selskapet arbeidde med reiselivsutvikling og marknadsføring av dei same kommunane som idag er Sunnfjord kommune. Som ein del av regionen Fjord Norway var naturen kjernen i det vi promoterte.» Fosseheimen, mellom bre og fjord» vart vårt «slagord» Trass stadige tilbakeslag, som sist under pandemien, er reiseliv ei viktig, og veksande næring, både internasjonalt, for landet vårt, og her i regionen. Fjord Norge har fleire gonger vunne kåringar som verdas beste naturdestinasjon, og det undrar meg at dette store fortrinnet for vår region sjeldan vert vektlagt når naturinngrep vert forsvart med næringsutvikling og inntekter. «Fosseheimen mellom bre og fjord» er heim til ein av Noregs 18 nasjonale turistvegar, og fyl ma det dalføret som endar inst i Dalsfjorden der fjellet Storehesten ruvar med sine 1209 moh. I heile mi tid som reiselivssjef, og lenge før det, har det aldri vore tvil om kva som er Sunnfjord sitt «signaturfjell». Det er Storehesten. I tillegg til å vere signaturfjellet vårt har eldsjeler støtta opp under reiselivsutviklinga i Sunnfjord gjennom å tilrettelegge fjellet for aktivt friluftsliv. To av dei viktigaste tiltaka har vore tilrettelegging og merking av stien til toppen, og ikkje minst motbakkeløpet Storhesten Opp som på ein god måte marrknadsførte både fjellet og Sunnfjord. Eg er difor sterkt imot at det vert gjeve konsesjon til den omsøkte utbygginga.
Høringsuttalelse som vedlegg	Ikke angitt
Vedlegg av bilder og kart	